

Til  
Bergen kommune, 5020 Bergen  
Os kommune, 5200 Os  
Hordaland fylkeskommune, 5020 Bergen

Bergen 16. november 2017

**Til aksjonærane i Bergen-Os Bompengeselskap as, om sal av aksjane i selskapet til Sørvest Bomvegfinans as**

Som de vil vere kjende med, har dei fire fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder, etablert Sørvest Bomvegfinans as for å samla administreringa av bompengeselskapa i dei fire fylka. Hordaland fylkeskommune, som er majoritetseigar i Bergen-Os Bompengeselskap, har gjort vedtak om å selja aksjane til det nyetablerte selskapet.

Sørvest Bomvegfinans as har kome med eit revidert tilbod til dei noverande aksjonærane, basert på den samla kapitalen aksjonærane har skote inn i selskapet i 2006 og i 2012.

Styret i Bergen-Os Bompengeselskap as hadde saka om sal av aksjane, til handsaming på ordinært styremøte i går. Til grunn for vurderinga, tok styret utgangspunkt i Bompengavtalens ordlyd om oppløysing av selskapet, §6.5.

6.5 Tilbakebetaling av aksjekapital


Det skal ikke utbetales årlig utbytte, men nødvendige midler for tilbakebetaling av aksjekapitalen kan skaffes av Selskapet gjennom innkrevde bompenger. Aksjekapitalen skal kunne tilbakebetales aksjonærene med en sum som er lik innbetalt aksjekapital justert med 80 prosent av endringen i Statistisk sentralbyrås konsumprisindeks, regnet fra aksjekapitalens innbetaling til måneden før Selskapets vedtak om oppløsning.

Eit samla styre gjorde fylgjande vedtak:

Styret tilrår eigarane å selja aksjane etter fordelinga ved innbetalt aksjekapital i 2006 og 2012 justert med 80% av KPI-indeks for åra etter innskota.

Dette til dykkar informasjon.

Venleg helsing

  
Torbjørn Wilhelmsen  
Dagleg leiar